

Forord

I 1965 overtok Reidar Sevåg stafettpinnen etter Ole Mørk Sandvik og vart den andre leiaren i Norsk folkemusikklag si historie. Dette var eit verv han hadde heilt fram til Tellef Kvifte overtok i 1980. Sevåg vart seinare utnemnd til heidersmedlem i laget for innsatsen sin, og me vil med dette minnst denne sentrale folkemusikkforskarer som gjekk bort i november. Fire tidlegare kollegaer av Sevåg har bidratt med eit minneord til skriftet.

Utgjevinga av Musikk og tradisjon er den viktigaste oppgåva til Norsk folkemusikklag, ved sida av det årlege seminaret. Tidsskriftet presenterer gjerne innlegg frå seminaret, men denne utgåva av skriftet er ei samling frie artiklar med brei tematisk variasjon.

I første artikkel tar Karin L. Eriksson føre seg den organiserte undervisinga for spelmenn i Sverige på 1920- og 30-talet. Ho har vald å konsentrera seg om undervisinga organsert av «Svenska ungdomsringen för bygdekultur» med særleg vekt på dei ideologiske motiva for denne undervisinga. Eriksson har sett nærare på kva type undervising spelmennene fekk, kvifor undervisinga vart arrangert og innhaldet i denne, og presenterer her nokre konklusjonar frå desse undersøkingane.

Ånon Egeland ser i sin artikkel nærare på opphavet til dei eldre hardingfelespringarane med utgangspunkt i europeiske dansemusikkmotar på 1600- og 1700-talet. Det har tidlegare hovudsakleg vorte forska på samanhengen mellom desse europeiske impulsane og pols- og springleiktradisjonen på vanleg fele, men kan desse impulsane òg ha hatt ein større påverknad på utforminga av dei eldre hardingfelespringarane? Med ei samanlikning av metrum, rytmikk og namnebruk i melodimaterialet, diskuterer Egeland med bruk av notedøme ulike sider ved dette spørsmålet.

«Statsmusikanter og musikkforpaktere i Bratsberg amt på 1700-tallet» er tittelen på den tredje artikkelen i skriftet. Denne er skriven av Anne Svå-

naug Blengsdalen og bygger på avhandlinga hennar frå 2015. Med utgangspunkt i statsmusikantordninga i Skien, ser ho nærare på korleis denne ordninga vart organisert frå bykjernen og ut i distrikta i Bratsberg amt (Telemark). Statsmusikantane delegerte gjerne deler av dei musikalske privilegia sine til andre musikarar i distrikta, musikkforpaktarar, og Blengsdalen har sett nærare på kven desse var og korleis dette vart organisert.

I 1981 vart det sendt eit program frå Meråker på Norge Rundt, der Harald Gilland spela på ein heimelaga klarinett. Bjørn Aksdal såg dette programmet og tok kontakt med Gilland for å læra meir om instrumentet og gjera opptak med han. I den siste artikkelen i dette nummeret av Musikk og tradisjon, skriv Aksdal om den historiske og organologiske bakgrunnen til Meråkerklarinetten, samt revitaliseringa av dette instrumentet på 1950-talet. Meråkerklarinetten vert òg sett i samanheng med klarinetten si historie i Noreg og Europa elles.

Etter artiklane kjem faste postar som bokmeldingar, der Stephen J. Walton og Ingrid Gjertsen har levert gode bidrag, rapportar frå spanande konferansar norske folkemusikkforskarar har deltatt på det siste året og samandrag av folkemusikkrelaterte masteroppgåver frå 2016.

Takk til artikkelforfattarar, bokmeldarar, redaksjonen, redaksjonsrådet, Novus forlag, alle dei anonyme fagfellene og andre som har bidratt til dette skriftet!

Sveinung Søyland Moen
Januar 2017